



## Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen

### Fylkesmannen i Vestland

#### Innhald

#### **1. Kort om Desentralisert kompetanseutvikling i skulen**

- 1.1 Sektormål
- 1.2 Styrke samarbeid mellom praksisfeltet og lærarutdanninga
- 1.3 Kollektive prosessar
- 1.4 Samarbeidsforum i fylka (Fylkesforum)

#### **2. Hordaland og Sogn og Fjordane – organisering og økonomi**

- 2.1 Aktørane
- 2.2 Økonomi
- 2.3 Fylkesforum

#### **3. Arbeid framover**

#### Vedlegg

- 1. Årshjul

## 1. Kort om Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen

I 2017 innførte Kunnskapsdepartementet innføringa av ei desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen. Statlege midlar skal byggje opp om skuleeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling og stimulere til eit langsiktig og sidestilt samarbeid mellom skuleeigarane og universitet/høgskular (UH). Ordninga gjeld friskulane på lik linje med dei offentlege skulane og vidaregåande opplæring skal med i ordninga frå 2019. Den desentraliserte ordninga er eitt av tre spor for staten si støtte til kompetanseutvikling:

- **Desentralisert kompetanseutvikling**
- Oppfølgingsordninga
- Innovasjonsordninga

Utdanningsdirektoratet har illustrert dei tre spora på følgjande måte:

MODELL FOR KOMPETANSEUTVIKLING		
Innovasjonsordninga «For dei med overskott»	Desentralisert ordning «For alle»	Oppfølgingsordninga «For dei med svake resultat over tid»

For meir detaljert informasjon om korleis den desentraliserte ordninga er tenkt og kva problemstillingar den er meint å møte er [Meld. St. 21 \(2016 – 2017\) Lærelyst – Tidleg innsats og kvalitet i skulen](#), det sentrale dokumentet, men følgjande er særleg løfta fram som sentrale element:

### 1.1 Sektormål

- elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- elevane skal mestre grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse
- fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Det vert understreka frå Utdanningsdirektoratet at ein skal, så langt råd er, sjå andre statlege satsingar i samanheng med desentralisert kompetanseutvikling. Spesielt viktig er her no å sjå fagfornynging inn som del av den desentraliserte kompetanseutviklinga.

## **1.2 Styrke samarbeid mellom lærarutdanninga og praksisfeltet**

Ordninga har som mål og premiss at samarbeidet mellom lærarutdanningane og praksisfeltet skal styrkast. Skuleeigar sine prioriteringar skal byggje på tilstandsvurderingar og analyser, og i tillegg skal konkrete skulebaserte utviklingsopplegg utformast i ein dialog mellom eigar og UH.

## **1.3 Kollektive prosessar**

Kompetansehevinga skal skje i kollektive prosessar og den skal vere skulebasert. Dette betyr at utviklingsarbeidet må involvere og femne om heile kollegiet, eller det som er naturlege einingar i skulen, til dømes ei avdeling, eller eit trinn. Ein går altså bort frå ei etterutdanning der dei statlege midlane går til enkeltlærarar/grupper som deltek på eksterne kursopplegg.

## **1.4 Samarbeidsforum i fylka (Fylkesforum)**

Den desentraliserte ordninga krev stor grad av samarbeid og samordning, mellom kommunane/eigarane, mellom UH-aktørar og mellom skuleeigar og UH. Prioriteringane og midlane skal fordelast i samarbeid mellom kommunane/friskulane og UH, og om desse ikkje blir einige, skal Fylkesmannen ta endeleg avgjerd om kva kompetansetiltak som skal prioriterast.

Fylkesmannen er tildelt oppgåva å etablere eit samarbeidsforum som nettopp kan gjere prioriteringar om utviklingsprosjekt og fordeling av midlar. I det vidare arbeidet med ordninga, har dette nemninga **Fylkesforum**.

# **2. Hordaland og Sogn og Fjordane – organisering og økonomi**

## **2.1 Aktørane**

Dei sentrale aktørane i ordninga er skuleeigar (kommune, fylkeskommune og private) og UH-sektoren. Fylkesmannen er tildelt oppgåva med å etablere Fylkesforum, sikre at midlane blir tildelt etter dei prosessar og vilkår som ordninga legg opp til, og ta avgjerd om tildeling dersom aktørane ikkje blir einige. I tillegg til dei aktørane som skal vere med i Fylkesforum, er fagorganisasjonane og KS viktige drøftingspartar. Det gjeld fasar der det vert gjort vurderingar av tilstand og prioriteringar av utviklingsområde internt i kommunar, mellom eigarar og mellom kompetanseregionar.

I Hordaland er det 34 kommunar (inklusive fylkeskommunen) og eit stort tal friskular. I Sogn og Fjordane 27 kommunar (inklusive fylkeskommunen) og eit lite tal friskular. Innanfor fylkesgrensene er det tre lærarutdanningsinstitusjonar: Høgskulen på Vestlandet (HVL), Norsk Lærarakademi (NLA) og Universitetet i Bergen (UiB).

Det er lagt opp til at dei samarbeidsordningane/nettverka som er etablerte i fylka, er eit naturleg utgangspunkt for det samarbeidsforumet Fylkesmannen skal etablere.

## **2.2 Økonomi**

Økonomien i ordninga skal vere føreseieleg for aktørane. Skuleeigar og UH-sektoren har ei sidestilt rolle i ordninga, og vurderingane av kostnadar skal ikkje vere for arbeidskrevjande for aktørane.

Med eit likeverdig samarbeid mellom skuleeigar og UH legg vi til grunn ei lik fordeling av midlane (50 / 50) mellom skuleeigar og UH. Dette kan fråvikast i spesielle tilfelle der partane er

samde om ei anna fordeling. For skuleeigar er det i tillegg eit krav at dei bidreg med ein 30 % eigenandel av tildelte midlar.

Eit neste steg er å rekne på kva kvart utviklingsamarbeid vil koste. Erfaringane frå satsinga Ungdomstrinn i utvikling, er at UH-sektoren sine kostnader knytt til kvar eining dei følgde opp, var om lag 200 000 kr. Det er rimeleg å legge dette til grunn, og med tilsvarende tildeling til skuleeigar. Kvart utviklingsprosjekt vil då ha ei samla ramme på kr 400 000.

## 2.3 Fylkesforum

Når det skal organiserast eit nytt Fylkesforum frå 2019, er det viktig at talet på medlemmer er handterleg, særleg med tanke på dei prioriteringane og avgjerdene Fylkesforumet skal ta. Det er også viktig å ha merksemd på dei prosessane som skjer *før* Fylkesforumet tek avgjerd, og korleis aktørane har ei rolle der.

I Hordaland er kommunane organisert i 6 kompetanseregionar, der Bergen kommune er eigen region. I Sogn og Fjordane er det 4 kompetanseregionar. Leiinga av kompetanseregionane går på omgang mellom kommunane, og Fylkesmannen har til ei kvar tid oversikt over kven som er kontaktperson i kvar av kompetanseregionane. Til saman er det altså 10 kontaktpersonar. Friskulane er i ein særskilt situasjon, og dei har peikt ut ein felles talsperson eller representant. Det er ikkje mogleg at kvar av friskulane (25+3) på grunnskuleområdet deltek i Fylkesgruppa, og friskulane må derfor, på same måte som kommunane, samordne seg og finne ein som representerer friskulane sine prioriteringar i Fylkesgruppa.

Fylkeskommunane i dei to fylka i 2019 utgjer 2 kompetanseregionar. Friskular for vidaregåande opplæring stiller i same kategori som friskulane på grunnskuleområdet. Det er derfor naturleg at dei også samordnar seg og finn ein som kan representere dei inn i fylkesforumet.

I Hordaland og Sogn og Fjordane er det tre lærarutdanningsinstitusjonar og kvar av dei må ta del i Fylkesgruppa.

Fylkesgruppa i Hordaland og Sogn og Fjordane er derfor stor, med denne samansettinga og totalt 21 medlemmer:

Kommunane	10 medlemmer
Friskulane (gs)	1 medlem
Fylkeskommunane	2 medlemmer
Friskulane (vgo)	1 medlem
Høgskulen på Vestlandet	2 medlemmer
Universitet i Bergen	2 medlemmer
Norsk Lærarakademi	1 medlem
Fylkesmannen	2 medlemmer

Når representantane i Fylkesgruppa trer saman, er det for å

- leggje fram dei lokale prioriteringane som er gjort i eigen kompetanseregion/friskulenettverket
- sikre at prioriteringane er i tråd med føringane for ordninga når det gjeld sektormål, krav til samhandling med UH-sektoren
- sikre at det er skulebasert
- sikre at føringane for eigenandel er oppfylte

Som nemnt over, er det eit grunnlagsarbeid som skal gjerast før Fylkesgruppa trer saman for å prioritere mellom forslaga/ønskja om skulebasert utviklingsarbeid.

Skuleeigarane må sikre at dei har relevant informasjon om tilstanden. Behov for utviklingsarbeid skal vere basert på vurderingar og analyser der UH-sektoren er involvert. Utviklingsarbeidet må vere i tråd med sektormål og pågåande nasjonale satsingar/prioriteringar (t.d. inkluderande skulemiljø og fagfornyinga). I dette arbeidet er det viktig at andre aktuelle aktørar blir kopla til. Tillitsvalde vil vere ein viktig ressurs, det same kan KS vere.

Eit neste trinn er at kompetanseregionen/friskulenettverket samlar seg og gjer ei første prioritering av dei aktuelle utviklingsopplegga. Også her vil organisasjonane vere ein naturleg og nyttig samarbeidspart.

## Illustrasjon

### Hordaland og Sogn og Fjordane – organisering og ansvarsfordeling – Desentralisert kompetanseordning

#### Ansaret til Skuleeigar

(kommune, friskule, fylkeskommune)

- gjennomføre lokal tilstandsvurdering/skulebasert vurdering og behov for kompetanse dei komande åra
- involvere organisasjonane
- presentere funna og prioritering i lokale kompetansenettverk

#### Ansaret til lokale kompetansenettverk

- kartleggje og analysere ønskje tema for kompetanseutvikling i kommunane/friskulane
- prioritere tema
- utarbeide ein plan for deltaking i ordninga som over tid sikrar at kommunane/friskulane som ønskjer det, kan kome med (bør vere eit 4-års perspektiv)
- fagleg dialog og samhandling med UH
- involvere organisasjonane

#### Representanten i fylkesgruppa sitt ansvar

- Målbere det lokale nettverket sine prioriteringar
- sjå prioriteringane i samheng med dei andre nettverka sine prioriteringar i eit 4års perspektiv
- bidra til semje om utviklingsopplegg som skal setjast i verk, eller på vent.
- delta i vurdering av korleis ordninga er organisert og praktisert

### 3. Arbeidet framover

Fylkesmannen skal leggje til rette for samarbeid mellom skuleeigarar og UH-institusjonar, og stimulere til langsiktig arbeid i lokale nettverk for kompetanseutvikling.

Vedlegget viser korleis kalenderåret er tenkt når det gjeld fristar for tildelingar og rapportering. Dette er nødvendig for at dei kartleggingane og vurderingane skuleeigar må gjennomføre lokalt, kan tilpassast på ein god måte.

Vedlegg 1:

## Århjul – Desentralisert kompetanseutvikling i skulen (DEKOMP)

